

Soga om den mørke våren

(Ein alternativ halvårsrapport av energiråd Ragnar Semundseth, 30. mars 2022)

Det gjekk mot vår og ljosare tider i Brussel. Men det kjentes likevel ikkje slik. Etter to år med pandemi, var det ikkje akkurat ein krig kontinentet trengte. Men no var krigen komen. Sjølv om den fann stad i utkanten av Europa, sette den sitt preg på stemninga i EU-hovudstaden. Og Brussel er ein by der skuggar frå historia framleis er tydelege; i gatene er det ikkje langt mellom minnesmerke frå tidlegare krigar.

Nokre seier at EU fungerer best i krisetider. Det er nok ei sanning med modifikasjonar. Men historia har likevel vist at mange av dei største endringane i EU-samarbeidet kjem nettopp i samband med kriser. Og dei siste vekene hadde dei europeiske landa vist ei handlekraft og eit samhald ein ikkje hadde sett på lenge. Det gjaldt òg på energiområdet.

EU sin energipolitikk hadde heile tida prøvd å adressere tre omsyn: Den skulle sikre europeisk konkurransekraft, den skulle sikre berekraft, og den skulle sikre forsyningstryggleik. I starten av Ursula von der Leyen sin kommisjonsperiode var berekraft det sentrale. Ei omlegging av energisektoren var naudsynt for å nå klimamåla i den grønne given. Men så byrja energiprisane å stige, og dermed kom konkurransekraft i sentrumⁱ. Etter at krigen braut ut, vart forsyningstryggleik det altoverskyggande.

EU-leiarane hadde no raskt teke avgjerder som for kort tid sidan verka umoglege. EU ville gjere seg uavhengig av russiske energiforsyningar, og det på rekordtidⁱⁱ. Kommisjonen la fram ein kort, men konkret plan for korleis dette skulle skjeⁱⁱⁱ. Forsyningstryggleik stod klart i sentrum, men dei andre måla var ikkje gløymt. Forsyningstryggleiken skulle sikrast på ein måte som samstundes varetok måla om konkurransekraft og berekraft.

«La oss kaste oss over fornybar energi med hastigheta til lynet», sa visepresident Frans, og held fram: «Fornybar energi er billig, rein og utømmeleg. I staden for å kaste pengar etter fossil industri andre stadar, kan vi skape jobbar hjå oss sjølv»^{iv}.

Her skulle det gå fort. Konesjonstida for fornybarprosjekt skulle ned, og utbyggingstakta opp. Og ein skulle spare energi der ein kunne. Lovgivarane i Brussel skulle handsame den gigantiske «Fit for 55»-pakka i ekspressfart^v.

Men uansett korleis ein vrir og vender på det; det tek tid å byggje sol- og vindfangarar. Og skal ein få europeiske hus til å bruke mindre energi, tek det tid å gjere dei tettare. EU hadde difor behov for gass enno ei stund^{vi}. Men korleis skulle ein greie seg utan den russiske gassen? Denne vinteren hadde vore mild, men den neste kunne fort bli kaldare. Det vart no bestemt at europeiske gasslager måtte fyllast^{vii} med gass frå heile verda. Og leveransane frå eit lite granneland i nord ville bli enda viktigare enn før.

Tilfeldigheitene gjorde det slik at leiaren for nordmennene var i Brussel i det krigen braut ut^{viii}. Han hadde teke med seg fleire av sine næraste medarbeidarar på turen. Og godt var det, for pandemien var enno ikkje heilt over. Fleire i reisefølgjet vart sjuke; nokre før turen hadde starta^{ix} og nokre undervegs^x. Dei som nådde fram til Brussel brukte tida godt. Dei tala med ei rekkje av EU sine leiarar, og saman vart dei einige om å stå skulder ved skulder i denne

vanskelege tida. Gassleveransane frå Noreg skulle halde fram, og helst auke^{xi}. Også på andre område skulle samarbeidet styrkjast^{xii}.

Vel attende i Noreg skulle planane setjast i verk. Men fyrst kom det til litt politisk hurlumhei, som gjorde at energiklanan fekk ein ny leiar. Heretter var det Terje frå Aaslandet som skulle leie arbeidet. Han var ein erfaren og dugeleg kar, men kom neppe til å få det mykje lettare enn forgjengaren. Utfordringane stod i kø.

Forhåpentlegvis fekk han likevel eit lite pusterom, sidan påsken snart stod for døra. Den stille veka var ei høgtid for ettertanke og håp. Det kunne trenge dette året^{xiii}.

ⁱ Energiprisane har stor innverknad på konkurransekrafta til europeisk industri og næringsliv. Dei høge energiprisane har difor vore tema på ei rekkje EU-møter det siste året, no sist på [EU-toppmøtet 24. – 25. mars](#). I forkant av toppmøtet la Kommisjonen fram ei [melding](#), der ulike tiltak mot dei høge energiprisane vart diskutert.

ⁱⁱ På eit [uformelt toppmøte i Versailles](#) 10. – 11. mars bestemte EU-leiarane seg her for å fase ut avhengnaden av russisk gass, olje og kol så fort som mogleg. Det skulle skje allereie innan 2027, [twitra](#) kommisjonspresidenten.

ⁱⁱⁱ Den 8. mars la Kommisjonen fram ei melding med tittelen «[REPowerEU](#)», om korleis EU skulle gjere seg uavhengig av russisk gass. Her er noko av hovudinnhaldet:

- Russland er EU sin største gassleverandør, og står for meir enn 40 % av EU sitt samla gassforbruk (155 milliardar standard kubikkmeter i fjor).
- Målet er å kutte gassimporten frå Russland med 2/3 innan utgangen av dette året. EU skal gjere seg fullstendig uavhengig av fossil energi frå Russland innan utgangen av tiåret.
- EU ynskjer auka gassleveransar frå andre leverandørar enn Russland. I tillegg til meir gass i røyr vil flytande naturgass (LNG) bli svært viktig, og import av grønt hydrogen kan òg spele ei rolle. Samstundes vil EU doble sin eigen produksjon av biogass.
- Det kjem nye krav til fylling av gasslager i Europa (sjå fotnote VII).
- Utbygging av kapasitet for fornybar energiproduksjon skal intensiverast, og konsesjonsprosessane skal gå betydeleg raskare. Potensialet er stort for solenergi og vindkraft (både på land og offshore). Energisparing vil bli viktig, og målet er mellom anna å doble installasjonsrata for varmpumpar.

^{iv} Det er teke nokre fridomar i omsetjinga, men [originalitet](#) frå Frans Timmermans er likevel ikkje heilt ulikt: «(...) Let's dash into renewable energy at lightning speed. Renewables are a cheap, clean, and potentially endless source of energy and instead of funding the fossil fuel industry elsewhere, they create jobs here (...)».

^v Den såkalla «fit for 55»-pakka består av [ei rekkje lovforslag](#). Dei fleste vart framlagt sumaren 2021, medan resten vart lagt fram i desember same år.

^{vi} I fleire land kom det til nye diskusjonar om kjernekraft. Belgia har vald å [halde einskilde kjernekraftverk i drift](#), i staden for å fase dei ut. Til store protestar frå Luxembourg.

^{vii} Kommisjonen la 23. mars fram eit [lovforslag](#), som skal sikre fyllingsgraden i europeiske gasslager. Nivået må vere på minst 80 prosent før vinteren, eit krav som aukast til 90 prosent for komande år. Gasslager dekkjer i dag mellom 25 og 30 prosent av gassforbruket i EU ein normal vinter, og er difor viktig for EU sin forsyningstryggleik. Kommisjonen vil mellom anna innføre finansielle insentiv for å sikre fylling av gasslager, i tillegg til eit sertifiseringssystem for operatørar. Kommisjonen seier dei òg er klare til å koordinere gasskjøp på EU-nivå.

^{viii} Den 23. februar var statsminister Jonas Gahr Støre på [besøk i Brussel](#) saman med klima- og miljøminister Espen Barth Eide, statssekretær Amund Vik frå Olje- og energidepartementet og statssekretær Eivind Vad Petersson frå Utanriksdepartementet. Støre hadde samtalar mellom anna med EU-kommisjonen sin president Ursula von der Leyen, EU sin rådspresident Charles Michel og EU sin visepresident Frans Timmermans.

^{ix} Energiminister Marte Mjøs Persen vart korona-sjuk, og kunne ikkje reise til Brussel. I staden hadde ho eit digitalt møte med EU sin energikommissær Kadri Simson 22. februar.

^x Næringsminister Jan Christian Vestre var på veg til Brussel, men [testa positivt for korona](#) under mellomlanding i Frankfurt.

^{xi} Noreg dekkjer om lag 20-25 prosent av gassbehovet i EU og Storbritannia. Gassen leverast i røyr, med unntak av produksjonen av LNG frå Hammerfest. [Felta på norsk sokkel](#) produserer så mykje gass dei kan, eller heilt nær dette.

^{xii} Sjå ei [felles utsegn](#) frå EU og Noreg, i samband med besøket.

^{xiii} For den som treng litt oppmuntring (og i tillegg er oppteken av CCS), kan dette vere verdt å ta med seg: Dei siste månadene har vi sett ein heilt ny [dynamikk i arbeidet for karbonfangst og -lagring i EU](#).